

Styremøte i Seniornett Førde

Desse møtte: Odd Skrede, Marloes Vos, Borgny England Slagstad,
Egil Nestande, Monrad Kolstad

Tid: Torsdag 3. desember 2020 kl. 14.15

Stad: Førdehuset, Musikkrommet

Sak 21/2020: Møtebok av 14.9.2020 til godkjenning.
Godkjend

Sak 22/2020: Økonomioversikt
På konto pr. 03.12.-20 129 726,89 kr

Sak 23/2020: Koronasituasjonen og kursdagar for resten av 2020
Lite smitte i Sunnfjord. Ingen smitte blant kursdeltakarane.
Veke 49 blir siste veka for kurs i 2020. Det blir ikkje sosial avslutning i år.
Egil sender epost til kursdeltakarane om at vi avsluttar etter kursa veke 49, at det ikkje blir juleavslutning og at oppstart blir 14.januar 2021. Egil vil også skrive at han reknar med at alle vil fortsetje på vårsemesteret.
Kan også skrive at det er behov for fleire hjelparar, så Seniornett Førde vil bli svært glad om fleire melder deg som hjelpar.

Sak 24/2020: Dato for eventuell oppstart i 2021.
Det blir oppstart 14.januar 2021.
Torsdagsgruppene får nytt program. I fredagsgruppene vil dei siste 10 min bli brukte til å diskutere/bestemme emne for neste gong.

Sak 25/2020: Dekking av datautstyr til instruktørane
Egil og Monrad gjekk på gangen som ugilde i denne saka.
Innstilling: 7500kr for 2020 som godtgjering for datautstyr. Ikkje årleg godtgjering, men spesielt for 2020. 10 000kr i året vil bli sett på som honorar som instruktørar. Vedtak: 2 for 1 mot
Dersom instruktørane har innvendingar, må vi ta saka oppatt. Ein må vere sikker på reglane for skatt/arbeidsgivaravgift mm.

Sak 26/2020: Aktuelt frå styremøte i Seniornett N.
Nominasjon til Landsmøtet. Monrad er blitt spurt om å fortsetje som styremedlem i Seniornett Norge. Han har ikkje bestemt seg for kva han vil svare. Om Monrad takkar nei, er det viktig å få styremedlem som er aktivt deltakande i kursa lokalt, framleis ha styremedlem frå Vestlandet og gjerne ei kvinne.

Sak 27/2020: Eventuelt

Søknad om støtte til dataopplæring frå Elkjøpfondet.

Vedtak om å søke. Marloes fyller ut og sender søknaden. Styret sender tilbakemelding på vedlegget frå Borgny denne veka.

Møtet slutt kl.16.10

Borgny E. Slagstad
skrivar